



«MottakerNavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår ref
2023/397-18

Deres ref
«Ref»


Saksbehandler
Ingunn Moen Helland
909 90 488
ingunn.moen.helland@vaga.kommune.no

Dato
05.09.2023

Områderegulering Vågåmo - endra plangrense i forhold til tidlegare utsendt varsel om oppstart av planarbeid

Vågå kommune viser til tidlegare utsendt brev datert 29.06.2023 med varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for områderegulering for Vågåmo, jf. plan- og bygningslovas §§ 12-2, 12-8 og 12-9. Hovudformålet med planarbeidet er sikring av Vågåmo mot flom og flomskred.

Det er behov for utviding av planområdet for å sikre tilstrekkeleg areal med omsyn til planlegging av flomtunnel under bakken.



Figur 1: Kart som viser endra plangrense. Ny plangrense er vist med raud stipla line.

Postadresse:
Edvard Storms veg 2
2680 Vågå

Besøksadresse:
Edvard Storms veg 2, 2680
Vågå

Org.nr: 939 607 706
Heimeside:
www.vaga.kommune.no
E-post:
postmottak@vaga.kommune.no

Telefon: 61 29 36 00
Bankkonto:
2085 07 70000

Det er nyleg gjennomførte grunnundersøkingar/seismikk som utløyser behov for utviding av planområdet. Ny kunnskap om grunnforholda legg ytterlegare rammer for plassering av ein eventuell flomtunnel med utløp i Vågåvatnet. Det er framleis usikkert kvar eit flomtunnelutløp kan plasserast, men i eit scenario der ein ev. flomtunnel blir plassert langt vest, må planområdet utvidast for å unngå store svingar i flomtunnelen.

Planområdet blir utvida med om lag 220 dekar, og samla planområde etter utviding er ca. 5897 dekar stort. Utviding av planområdet er knytt til planlegging av flomtunnel under bakken og innber ikkje inngrep i dagen/på bakkenivå. Ein kan ikkje sjå at utvidinga av planområdet bringer inn nye tema eller problemstillingar, utover det som allereie inngår i planprogrammet. Forslag til planprogram er uendra med unntak av oppdatering av kartutsnitt m.h.t. endra plangrense og oppdatering av planområdet sin storleik.

Varsel om endra plangrense samt forslag til planprogram med oppdatert plangrense er tilgjengeleg i servicetorget på kommunehuset og på kommunen si heimeside <https://www.vaga.kommune.no/tenester/plan-miljo-klima-bygg-brann-og-teknisk/plan/hoyring-og-kunngjeringar/>. Plangrensa er oppdatert i kommunen sin planbase og til gjengeleg i kommunen si kartinnsynsløysing.

Frist for merknader eller innspel som gjeld utvidinga av planområdet blir sett til 29. september 2023.

Ta kontakt dersom det er spørsmål til saka.

Innspel og merknader skal sendast til: Vågå kommune, Edvard Stormsveg 2, 2680 Vågå eller til postmottak@vaga.kommune.no.

Med helsing

Pål Inge Sanden
Kommunalsjef

Ingunn Moen Helland
Plan- og miljøvernrådgyvar

Dokumentet er elektronisk og sendes utan signatur.

Vedlegg

- 1 Planprogram områderegulering Vågåmo_sak43-2023_k-styret22.06.2023_endra plangrense05.09.2023